

Lindås kommune
 Avd. byggesak
 Kvernhusmyrane 20
 5914 Isdalstø

DYKKAR REF.:

VÅR REF.: GKV/ 2018-012

DATO:

15.05.2018

LINDÅS KOMMUNE - GBN 196/166/0/1+2. UTBETRING AV SETNINGSSKADE

Det er setningsskader på Kleivdalsvegen 30 A og B og vi søker hermed om løyve til utbetring av desse skadene.

SKADE

Bustaden består av to leilegheiter, ei i 1. et og ei i 2. et. Store deler av bustaden har sige. Dei største setningane finn me langs i sydvestre langside, i storleik 8-10cm. I senter av bygget har det satt seg 2-3cm, medan langveggen i nordaust ser ut til å stå i ro. Dette stemmer godt overens med huseigar si utgreiing om tomteforholda, der nordaustsida står meir eller mindre på fjell med avgåande fjell mot sydvest.

Gjensidige ASA har engasjert Hansen & Eknas AS som hovudentreprenør til å utbetra setningsskadane.

BYGGEMETODE

Bustaden er fundamentert med ringmurar på sprengsteinsfylling. Gulvet ligg direkte på fyllinga. Treveggane er bygd på ringmurane og følgjer setningane i grunnen. Takkonstruksjonen spenner frå yttervegg til yttervegg, medan gulvet i 2. etasje i tillegg kviler på ein innvendig, langsgåande bærevegg omtrent midt i bygget. Teikningar er vedlagt.

UTBETRING

I hovudsak vil me jekka bygget opp i meir eller mindre opprinnelig posisjon. Arbeidet kan oppsummerast som følgjer:

1. Etablering av midl fundament for stempling
2. Stempling og avstivning på innside langs yttervegg i sydvest
3. Rive ytterveggar i 1. etasje i stovedelen
4. Rive ringmurar og gulv i stovedelen
5. Borra ned stålkjernerepelar til fjell
6. Støpa ei sjølvbærande plate fundamentert på pelane
7. Jekka huset opp i utgangsposisjon
8. Reetablera ytterveggar i 1. et i stovedelen
9. Fjerna stempling og avstivning
10. Avsluttande arbeid

GJELDENDE PLANER

Tomten er regulert som «frittliggende småhusbusetnad» i reguleringsplan «Myrsta», plan-ID: 1263-200702.

NABOVARSLING

Då tiltakets plassering, materialval eller utsjåande ikkje vert endra meiner vi at tiltaket ikkje vedkjem naboane og vi søker hermed om fritak frå nabovarsling. Se også vedlegg Q2 for tidlegare kommunikasjon med Lindås kommune vedrørande dette.

TILTAKSHAVER

Tiltaket omfattar både Kleivdalsvegen 30 og 30 B (begge seksjonar), men er naturlegvis eitt tiltak da det er eitt og same bygg. For å gjere dette enklast mogleg har eigar av Kleivdalsvegen 30 A, Bjørn Atle Nævdal, gitt eigar av Kleivdalsvegen 30 B, Kåre Haugland, fullmakt til å signere alle skjema ifbm. denne byggjesøknaden (sjå vedlegg Q1).

Me ber dykk kontakta underteikna om det er naudsynt med utfyllande informasjon.

Med venleg helsing

Hansen & Eknes AS



Stig Eknes

Dagleg leiar

Tlf.: 908 54 429

Epost: stig@hansen-eknes.no